



VINJE

RUNE HÅHEIM
PLANTESKULEVEGEN 96
5590 ETNE

Dato: 09.12.2025
Vår referanse: 2025/8718-5
Sakshandsamar: Kjell Negarden

88/1/9 - Løyve til tiltak - utvendig tilbygg mindre enn 50 m²

Tiltak: Endring av bygg - utvendig tilbygg mindre enn 50 m²
Tiltakets adresse: Songavegen 395, 3895 Edland
Eigedom: 88/1/9
Tiltakshavar: RUNE HÅHEIM
Ansvarleg søkjar: RUNE HÅHEIM
Bruksareal: Eksist. 49 m² + tilbygg 12,6 m² = 61,6 m²
Bebyggd areal: Eksist. 56,1 m² + tilbygg 24,5 m² = 80,6 m²
Bruttoareal: Eksist. 46,6 m² + tilbygg 24,5 m² = 71,1 m²

Delegert vedtak: 236/25

Vedtak

Det vert gjev løyve til tilbygg som omsøkt.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår gjeve i PBL og byggt teknisk forskrift TEK-17.

Særskilde vilkår

All transport av bygningsmaterialar må skje på vinterføre.

Saksutgreiing

Bakgrunn og beskriving

Referanse:

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20020002 Maurbu.

Tidligere byggesak, saksmappenr. (jnr.) 265/1985.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 24.11.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 28.11.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/8718-1.

Tiltaket gjeld tilbygg til fritidsbustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Nabovarsling

Naboar er varsla 20.11.2025, nabo har gjeve samtykke 20.11.2025.

Det er ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søker.

Det har heller ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne.

Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

Vilkår

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt - også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.

Taktekking skal være torv eller tre.

Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande dyr kjem under hytta.

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).

Som do skal de nytte godkjent biologisk/elektrisk løysing.

De må ikkje legge inn vatn i hytta.

Utslagsvask kan bli montera i hytta. Avløpet må ein føre til synkeum med grøft.

Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

Gebyr

Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ av 01.07.2010 – sist oppdatert 01.01.2025:

Løyve til tiltak – Type tiltak : Tilbygg under 50 m² kr. 4.900,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 12,6 m² / 24,5 m²

Faktura for gebyr vert ettersendt. Faktura må betalast til forfall.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
RUNE HÅHEIM